



Fisketeljing i nedre halvdel av elva fredag ettermiddag.

**Det er mykje rømd opprettslaks i fjorden i sommar og Fylkesmannen har difor sett i gong ekstra fisketeljing i elvane. Personell frå Unimiljø vil gjere registreringar i Uskedalselva frå ca. kl. 14 fredag og grunna dette vert det truleg lite fisk å få før til natta igjen.**

Fisketeljninga skjer ved at to-tre personar med drakt og snorklingsutstyr flyt med elva nedover og observerer fisken undervegs. Denne operasjonen tek to-tre timar og erfaring viser at det blir lite fisk å få i 8-12 timar etterpå. Elveeigarlaget fekk informasjon om denne teljinga på særskilt kort varsel, og vi orsakar dei ulemper dette kan gi fiskarane i Uskedalselva.

Anbjørn Høivik, leiar Uskedal grunn- og elveeigarlag

Nett og foto: Thor Inge Døssland